

---

Saknr: 2020/48213-1  
Saksbehandlar: Randi Elisabeth Lotsberg

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		14.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

## Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport for 2019

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsrapport 2019 for Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Samandrag

### *Bakgrunn*

Dette gjeld årsrapporten frå tidlegare Regionalt forskingsfond Vestlandet, som var eit samarbeid mellom fylkeskommunane i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.

Kunnskapsdepartementet hadde i sine retningslinjer for regionale forskingsfond fastsett at kvart fond skulle lage ei årsmelding om verksemda, og at meldinga skulle fram for alle fylkestinga i fondsregionen. Årsmeldinga skulle svare på den bestillinga som fylkestinga hadde gitt til styret for forskingsfondet.

Frå 2020 har Vestland fylkeskommune sitt eige Regionalt forskingsfond Vestland og Rogaland fylkeskommune har Regionalt forskingsfond Rogaland.

### *Regionale føringar for arbeidet*

Bestillingsbrevet frå dei tre fylkestinga for perioden 2015 - 2019 fastsette at RFF Vestlandet skulle vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor regionalt prioriterte innsatsområde

:

- Verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- Evne til innovasjon og omstilling - no og i framtida
- Gode klima- og miljøløysingar

Prioriterte forskningstema i 2019

- Innovasjon basert på teknologi og kompetanse innan havnæringar og energinæringar
- Innovasjon innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi
- Innovasjon i kommunal sektor

I 2019 tok RFF Vestlandet imot til saman 102 søknader og tildelte kr. 33 459 000, i støtte til 29 FoU- prosjekt fordelt slik:

- 5 regionale bedriftsprosjekt-
- 4 regionale offentleg prosjekt i kommunar
- 20 regionale kvalifiseringsprosjekt (forprosjekt)

### *Mobilisering*

Regional forskingsfond Vestlandet har lagt stor vekt på mobilisering av bedrifter og kommunar til å ta i bruk forskning som verktøy i sitt innovasjonsarbeid. Fondet har i 2019 vidareført denne satsinga. Fondet har vore aktiv deltakar og medarrangør på fleire små og store informasjons- og kursarrangement med til saman 455 deltakarar.

### *Formidling og synleggjering*

Regionalt forskingsfond Vestlandet har lagt stor vekt på ein aktiv kommunikasjonsstrategi. Synleggjering og spreiding av forskingsresultat er vesentleg for å motivere interesse, men også for å sette forskingsresultata ut i aktivt innovasjonsarbeide. Fondet har også i 2019 vore ein bidragsytar til den viktig forskingsformidlingskanalen [www.forskning.no](http://www.forskning.no). Arbeidet med samla prosjektkatalog på fondet si nettside, med lenke til artiklar, stoppa litt opp i 2019 grunna omlegging til nye nettsider.

Aktivt presseopplegg ved styret si tildeling av hovudprosjekt i februar vart gjennomført som tidlegare. Det er også gledeleg at dei fleirårige prosjekta rapporterer om god formidling i eiga regi.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget. Dei gamle fylkestinga var oppdragsgjevar og myndighet for Regionalt forskingsfond Vestlandet.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Aktiviteten i forskingsfondet er hovudsakleg finansiert gjennom eiga løyving frå Kunnskapsdepartementet.

**Klima:** Blant målsetnaden til Forskingsfondet har vore gode klima- og miljøløysingar.

**Folkehelse:** Forskingsfondet har hatt eigne utlysingar for innovasjon i kommunal sektor, der folkehelse kan vere forskingstema.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant. Forskingsfondet sine mål og innsatsområde har vore i tråd med vedteke politisk bestillingsbrev for perioden 2015-2019

### Konklusjon

Årsrapporten for 2019 gir god oversikt over aktiviteten og økonomien i fondet. Verksemda i 2019 har vore i tråd med bestillinga som fylkestinga hadde gitt til styret for forskingsfondet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### **Vedlegg:**

1. Årsrapport 2019 for Regionalt forskingsfond Vestlandet